

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG



Dykkar ref.:
22/1086 - 22/14519

Vår ref. 20601584
Sak/dok.: 22/07578-1
Ark.: 346

Dato:
23.02.2022

Dokumenter har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 322 bnr. 218 i knr. 4631 Alver kommune

Vi har vurdert meldinga til tinglysing som gjeld frådeling, erklæringa med fullmakter de har sendt inn for tinglysing. Den eine fullmakta har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse dokumenta.

Kva må til for at dokumenta kan tinglysast?

Ifølgje Brønnøysundregisteret har ikkje Odd Bremnes rett til å signere på vegne av heimelshavar. En annen person som har rett til å signere må skrive under på den eine fullmakta.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumenta inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottok kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglysingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no og www.seeiendom.no. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 32 11 80 00. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 82 33.

Venleg helsing

Anni-May Rastad
saksbehandlar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

www.kartverket.no